

EXIN.NO AS
Postboks 774
5807 BERGENDato: 15.01.2018
Vår ref.: 2018/320-2
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Søknad om fritak for løyve for persontransport

Løyvestyresmakta viser til e-post av 10. januar 2018 frå Kenneth Smeby til Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune, som har sendt e-posten vidare til Samferdselsavdelinga. Ein forstår det slik at Exin.no AS/Bergen Base Camp ønskjer løyvefritak for å gjennomføra guida turar med minibuss.

Det går fram av yrkestransportlova § 21 at:

- (1) *Departementet kan i forskrift eller i einskildvedtak fastsetje unnatak frå kravet om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part.*
- (2) *For unnatak frå kravet om løyve etter denne paragrafen gjeld § 11 tilsvarande.*

Departementet har i rundskriv 7/2017 presisert løyvefritak for småskala turistverksemd etter § 21. Fylkeskommunen kan gje løyvefritak til verksemd som driv turistverksemd i småskala og som arrangerer fritidsaktiviteter som t.d. guiding og sightseeing der det i tillegg er nødvendig å tilby persontransport som ein tilknytt del av arrangementet. Transporten må gjelda *eigne kundar til og frå aktivitetar som søkjar av løyvefritak sjølv er arrangør av*. Transporten må skje i *tilknytning til arrangementet* og må vera ei underordna tilleggsyting fram til staden der aktiviteten skal gå føre seg.

Søknaden må vera vedlagt dokumentasjon på at følgjande objektive krav er oppfylte:

- (1) Personleg søkjar eller dagleg leiar for søkjar som er juridisk person, må oppfylle krav til vandel, jf. yrkestransportforskrifta § 6 – **politiattest**
- (2) Søkjar må ha tilfredsstillande økonomisk evne, jf. yrkestransportforskrifta § 7 – **garantierklæring** frå bank eller finansieringsinstitusjon pålydande NOK 84.000 for den første motorvogna med løyvefrita og NOK 47 000 for kvar motorvogn som skal nyttast utover dette, samt **skatteattest**
- (3) Søkjar må vera faktisk og varig etablert i Norge, jf. yrkestransportforskrifta § 5 a - **firmaattest**
- (4) Motorvognen(e) skal vera registrert på verksemda eller vera til verksemda sin disposisjon gjennom leige- eller leasingavtale, jf. yrkestransportforskrifta § 13 tredje ledd – **vognkort og evt leige-/leasingavtale**
- (5) Førar av køyretøy må inneha køyreseddel, jf. yrkestransportlova § 37 a – **køyreseddel**

Dokumentasjonen i punkt 1 og 2 skal ikkje vera eldre enn tre månader. Dei objektive krava skal vera oppfylte i heile fritaksperioden.

I tillegg til dokumentasjonen av dei objektive kriteria, skal søknaden innehalda konkret utgreiing om verksemda samt den eller dei aktivitetar som det vert søkt fritak for.

Løyvestyresmakta skal foreta eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på, kan verta utført ved bruk av eksisterande løyvehavarar for transportdelen. Ein må såleis vurdere konkurranseflaten mot både drosje og turvogn. Søknader om løyvefritak skal sendast på høyring til NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå før ein eventuelt gjev løyvefritak.

Søknad om løyvefritak er eit unntak og krev utfyllande utgreiing som ikkje gjeld for løyvesøknader. Det er derfor ikkje utarbeidd eige søknadsskjema, men søknad må setjast fram i brevs form og med alle obligatoriske vedlegg. Dersom Exin.no AS/Bergen Base Camp ønskjer løyvefritak må det setjast fram søknad i tråd med dei krava som går fram over.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.